Meldingsblad

Nr. 2 2007 - 19.



# Varhaug Misjonshus



Innhald:

Andakt Side
Søndagsskulen Side
Sprell Levende Side
Hilsen Fra Kenya Side

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND

MIX



BØEN STORKIOSK

SPILL OG KIOSKVARER

Ta en pause og nyt av vårt rikholdige tilbud på små-retter som Dolly Dimple Pizza • Biff-snadder Løvstektallerken

TIPPING

V75 RIKS TOTO

Chicken Nuggets
Kylling m/ tilbehør
Hamburger • Pita • Bakervarer

*Større bestillinger kan også leveres etter avtale Henvendelse til Kine i butikken, 51430099*

Bohus®

VARHAUG: TLF. 51438700
www.bohus.no

bank · fond · forsikring · eiendomsmegling

**Høyere avkastning med fond**



**Alt på ett sted.**

Aksjefond er den spareformen som historisk sett gir best avkastning over tid.

Det finnes mange forskjellige aksjefond du kan velge mellom, avhengig av risiko.

Stikk innom oss på Varhaug eller ta kontakt på telefon 02002, så finner vi den spareformen som passer for deg.

SpareBank 1 SR-Bank

HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 • E- mail: runeo@hrd.no

Murmester
**Waldeland & Dubland**
Djuphold 3, 4360 Varhaug - Fax. 51 43 12 22
e-mail: waldedub@online.no

Sverre Waldeland - leder Tlf. 992 50 989
Pål Dubland - HMS-leder Tlf. 909 70 269
Oddbjørg Waldeland - kontor Tlf. 980 77 662

**- fagkunnskap gir trygghet.**



# Frå redaksjonen

### FØREMÅL MED HUSET ER:

ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningsliner som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus
2- 2007
19. ÅRGANG

**Eigarar**
Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

**Norsk Luthersk Misjonssamband**
Formann:
Kjetil Halvorsen
Tlf: 51115690

**Det Norske Misjonsselskap**
Formann:
Guri Sollesnes
Tlf: 51431268

**Normisjon**
Formann:
Agne Skretting
Tlf: 51437116

**Indremisjonsforbundet**
Formann:
Stig Hobberstad
Tlf: 51211441

**www.varhaug-misjonshus.no**
Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.
Tlf: 51 43 08 08
E-mail adresse:
post@varhaug-misjonshus.no
Kontortid: mandag og torsdag kl 1900-2100 (Om sommeren 15/5-15/8 er opningstid 2000-2100)

Då er haustsemesteret godt i gang på Varhaug Misjonshus, og fleire av de ulike laga og felleskapa er i gang med aktivitetane sine etter ein litt vel kald sommar. Ungdomslaget har drive godt heile sommaren, noko som vi får eit lite innblikk i lenger ute i bladet.

På misjonshuset er me heldige som har lag og kor som har drive med viktig arbeid i mange år, samstundes som at det stadig er nye krefter som kjem til og ynskjer å skapa nye og viktige fellesskap. Mellom anna er det sett i gang ei såkalla "einskapsgruppe", som arbeider med tema og aktiviteter som skal gå på tvers av alle dei ulike organisasjonane. Arbeidet deira vil vi nok sjå meir til neste år. Til nå har mange på misjonshuset delteke på ei spørjeundersøking i dei ulike organisasjonane. Denne undersøkinga skal være med å gi ein peikepinn på korleis ein opplever misjonshusarbeidet, og kva for tankar ein har om framtida.

I dette bladet har vi sett fokus på blant anna søndagsskulen på misjonshuset. Å fortelje om Jesus til våre aller minste ser vi på særleg viktig, og vi er stolte over det arbeidet som blant anna søndagsskulen gjer.

God lesning!

Red.

*Redaksjonen: Njål Omland, Tormod Nord- Varhaug, Einar Mattingsdal og Tom Magne Ueland.*

**ANBEFALT NETTSIDE:**

DAMARIS Norge

**www.damaris.no**



FK butikken

Levende opptatt av det

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varaug

Tlf. 51 77 14 70

Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

Helping you teach the Bible in the language of contemporary popular culture...

tools for Talks

www.toolsfortalks.com

coop

Varhaug ba

Tlf. 5179440

BYGG MIX

coop mega

KJÆRNEBORING

BETONGSAGING

**EGIL HÅLAND** 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • www.Toppaland.com

**Me treng TOMTER**

**Ta kontakt for en uforpliktende vurdering av muligheter og pris**

NORGESHUS

Varhaug

BYGGMESTER

Jon Harald Håland a.s

GODKJENT FOR ANSVARSRETT

Varhaug, Tlf. 51 43 07 70

- fagkunnskap gir trygghet

MESTER

EL-TEAM

*Elektroentreprenør*

Tlf. 51 48 67 40 - Fax. 51 48 67 41

Mobil: 98298488

**HAUCK**

**DØR PORT SERVICE**

SALG- MONTASJE-SERVICE-REPARASJON

4360 Varhaug • Tlf. 51 43 05 66 • Bil 92 62 25 59

**SKAL DU GRAVE?**

KONTAKT

**ERLING AUESTAD**

MASKINENTREPENØR

VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



# Ei historie om lovsong

*"Syng ein ny song for Herren,*
*lovsyng han*
*frå heimsens endar"*

Jesaja 42:10

For eit par år sidan hadde eg med meg ei reisegruppe på besøk i Fandriana på Madagaskar. På lærarskulen var alle studentane samla i festsalen, og eg bad dei syngja ein song for dei norske gjestene. Eg visste godt at den firstemte songen av engasjerte ungdommar er flott å høyra på, men eg var ikkje forberedt på min eigen reaksjon, for eg er slett ikkje av dei som har dei store opplevingane knytta til song og musikk. Først kjende eg ei sildring nedover ryggen, og så begynte tårene å trilla. Eg var ikkje klar over at song kunne virka så sterkt. Og eg tenkte med gru på korleis eg skulle makta å få fram helsinga mi like etter songen.

Orda frå Jesajaboka om ein ny song for Herren er teken frå ein situasjon då Israelsfolket hadde vore bortførde til Babylonia. Dei hadde vore fangar, men no fekk dei lov til å venda tilbake til landet sitt. Og då vert dei oppfordra til å syngja lovsongar for Gud. Alt var slett ikkje berre fryd og gaman, men dette at dei var frie, og at dei var på veg til Jerusalem var grunn nok til ein ny song. Ein lovsong for Herren.

Det er kanskje ikkje utan grunn at songtradisjonen endå står sterkt i dei kristne forsamlingane. Vi har grunn til å takka Gud. For på same måten som han sette Israelsfolket fri, har han sett oss fri. Fri til å vera hans folk. Og han har sett oss inn på ein veg som fører til hans himmel. Det skulle vera grunn nok for lovsong og takk. Sjølv om den lovsongen vi opplever no ofte vil vera litt halvhjarta og slett ikkje alltid imponerande. For livet er heller ikkje fullkome. Vi må slita med både sorger og bekymringar. Vi møter ting i liva våre som er både uforståelege og vanskelege å bera. Men trass alt er det grunn for lovsong og takk til Gud.

Eg trur eg veit kvifor eg reagerte såpass sterkt på studentane sin song i Fandriana. Det var rimelegvis fordi eg kjende litt til både songen og atmosfæren frå tida då eg arbeidde som lærar på denne skulen. Det var kjende tonar, berre i mykje sterkare og finare utgåve enn eg kunne minnast. Difor vart det så sterkt.

Ein dag skal Gud takkast med fullkomen lovsong. Eit kristent fellesskap, det vera seg på misjonshus eller i kyrkje, er med alle sine manglar ein forberedelse til den dagen då Guds folk skal takka Han med fullkomen lovsong. Det er ikkje nødvendigvis slik at det er salmer av Kingo og songar av Trygve Bjerkreim som skal syngjast då. Men på Misjonshuset vert vi gjennom møter og andre aktivitetar kjende med Han som skal lovsyngjast.
Og på den store dagen reknar eg med at gleda skal vera fullkomen og for oss som ikkje brukar å få store opplevingar knytta til song og musikk.



**Jonas Skrettingland**

0-12 år BarneSpar
13-22 år UngdomsSpar
13-22 år UngdomsKonto
Studenter StudentKonto
22-67 år FordelsKonto
67- HonnørKonto

TIME SPAREBANK
- for Jæren
www.time-sparebank.no
Tlf. 51 77 91 00

# 100 årsjubileumshelga 21-22 april 2007

Det er stort å kunna feira 100 års virke for eit misjonslag som vart skipa etter ei vekkjing i bygda i år 1907.

Styret ynskte det skulle vera eit verdig jubileum, og la planar for song- og talarkrefter i god tid. På nyåret 2007 utnevnte styret ein jubileumskomité av lokale krefter, dei fleste med lang erfaring i misjonslaget. Det vart Steinar Ånestad, Holger Kjølvik, Berit Skretting og Anne Birgitte Lillebø Bøe.

Laurdag starta me kl 1800 . Steinar Ånestad ynskte velkommen og hadde eit intervju med Martha Bøe. Han spurde om henna forhold til misjonen og henna misjonskall.Var det bryet verdt å ta teneste ute i Etiopia med familien din? Ja,det var bryet verdt. Helste med Salme 72.17.

**Husets Trekkspillklubb var med og sang**

Det var frisk og glad sang. Me sang eit potpurri som forsangargruppa hadde sett saman av songar som dei forskjellige foreningane brukar.

Kinas mange millionar

(eldre kv.for.)

Sett deg for et hellig mål

(guttelaget)

Mitt liv vil jeg leve

(yngre kv.fo)

Tak meg min Jesus.
(mannsforeninga.)

Gå til den Gud
(Peru-foreninga)

Kjære Gud, jeg har det godt
(Veslegreina)

Kongenes Konge
(Husvegg-foreninga)

**Andakt ved Odd Dubland**. Han starta med å fortelja litt frå starten og frå heimen sin i Dubland. Han vaks opp i ein heim med sang og musikk. Dei hadde ofte talarar i huset. Odd likte best talarar som kom ned i stova, og ikkje bara sat på loftet å las i Bibelen.

Han fortalde vidare litt frå turen han hadde til Tsemai-stamma i Woitodalen. Det var ei utfordring å forkynne evangeliet for desse fordi ord som Frelse, nåde, tilgivelse og håp fants ikkje i deira språk.

Ef.2 Han forkynte fred for dei som var langt borte. Gud ville at evangeliet skulle forkynnast til alle folk. Elsa Lindjørn var hjå desse og fortalde dei om Jesus, og ordene gjekk inn.

Misjon er ikkje å gjera noko i ei handavending, det er eit langt lerret å bleike. Guds ord er til alle og for alle og er ei Guds kraft til frelse. Han begynte å reisa med evangeliet som 20 åring og ville gjort det same i dag. Han slutta med å syngja:

Ein gong levde eg for verden
fant dens lyst og glede tom.

Trekkspillklubben song 4 songar. Sang med barna: Alle alle vil vi ha med. Eg er ei perla for Jesus

Forsangarane song: Åkrane kvitnat til haust. Gud, din nåde er større enn alt.

**Søndag kveld var det Jubileumsfest** .

Festen starta med ei fin flaggborg ved misjonærane og barna deira medan me song Din rikssak Jesus være skal. Formann Kjetil Halvorsen ynskte velkommen og bad for kvelden.

Hananja var med med fin sang.

Kjell Håland tala frå 2 Kor 5.15. Og han døyde for alle. Jesus har gjort opp for dine og mine synder å gjort opp saka for alle på forskudd. Jesus og Guds ord er hovudredningssentral. Oppdraget er ut i all verda. Er du med?

Holger Kjølvik hadde eit historisk tilbakeblikk frå oppstarten og fram til i dag. (Trykkt i forrige utgave av misjonshusbladet)





Odd Dubland kom med ei helsing og eit lite tilbakeblikk om oppveksten med Kjell Håland.

Deira ungdomstid og vekkelsestid på 50 og 60 talet.

Han minna så om att me ikkje måtte verta store i oss sjølv men la Jesus ver stor.

**Helsingar:** Gunnar Bøe m/familie helsa på mail frå Thailand/Kina

Morten Nord-Varhaug m/fam helsa på mail frå Kenya med salme 62

Kretssekretær Øystein Meling kom med helsing fra kretsen.

Det var godt frammøte begge kveldane, søndagskvelden var salen heilt full.

Me opplevde ei gild og verdig markering av 100 års jubileet. Me ser tilbake på med glede og takksemd. Stor takk til foreningane for god mat og takk til komiteen.

*Tormod Nord-Varhaug*





**AH BYGG AS**

AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

**Elektrofag Jæren**

Autorisert elektroentreprenør
Postboks 53, 4369 Vigrestad
Vakttelefon 932 05 614

**FARGERIKE®**

**Norges ledende farge- og interiørkjede**

**Fargerike Halvorsen**
**Varhaug - tlf. 51 43 61 00**



Dublandveien 35A
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900
Fax.: 51434369

Epost: post@vph.no
www.vph.no

**JÆRBU**

**GJØDSELPUMPE**

**Ole G**
Nord-Varhaug & Co a-s
Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 43 02 44 www.jaerbu.no

**PS service**

*Alt i oppmerking av parkeringsplasser*

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556

**ULDAL**

Anestadveien 23
N-4360 Varhaug
Tlf.:38137950
Fax.: 38137902
uldal.varhaug@byggma.no
www.byggma.no

**BYGGMESTER**
**AGLE AUESTAD**
**Revhaugveien 12 - 4360 Varhaug**
**Tlf. 948 11 890 - 476 36 202**

## NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND – VARHAUG

# KVINNEFORENINGA 100 ÅR

NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND

*Den eldre kvinneforeninga for Norsk Luthersk Misjonssamband Varhaug er 100 år i år, 2007*

Det har vore ei aktiv forening i desse hundre åra. Heilt frå starten hadde dei basar, fredag og laurdag. Det har blitt strikka mange gode, varme "slumreteppe" og sokkar av desse foreningskonene. Under siste verdskrig var det vanskeleg å få tak i garn. Då samla dei inn ull, så sykla dei til Oltedal og bytta ulla i garn. Ivrige hender har brodert dukar, hekla flotte sengeteppe og fine kaffidukar som dei har gjeve til gevinstar. Mange pengar har slik vorte samla inn til misjonen. På foreningsmøta tek ein også opp gåve til misjonen. Eit foreningsmøte er både eit åndeleg og eit sosialt fellesskap. Matøkta er viktig. Men viktigast er samlinga om bibel og bøn. Tidlegare avslutta dei alltid møta på kne i bøn.

Dei seinare åra har foreninga hatt samling på Heimtun og Olsvoll 1 gang i året. Då har vi mat med oss og et saman med dei som bur der. Holger Kjølvik plar vera med oss. Han syng og held andakt. Dette er gjevande samver for oss alle.

Det har variert noko med antal medlemmar i foreninga. I dei seinare åra har vi mista mange. Dei har fått heimlov. Ei stund var vi berre 7, no har 2 nye begynt.

Det var Rakel Hobberstad, Rebekka Lerbrekk og Taletta Tenold som starta kvinneforeninga for Kinamisjonen, som det då heitte, i 1907. Dei hadde vorte frelst i ei vekkjing som gjekk over bygda i 1906. Misjonselden vart tend, kinesarane måtte også få høyra om Jesus.

Desse 3 var det som starta foreninga. Ganske snart kom Rakel Varhaug med. Ho var formann i 25 år. Det er referert i ei tidleg møtebok: "Når alle møtte, var vi 4" Det auka på med medlemmer. I referat frå 50 års-jubileet står det at i 1930 åra var dei 30. På slutten av 1900 talet kunne det vera 12 – 15 på foreningsmøta.

Fleire misjonærar har reist ut frå Varhaug. Dei fyrste var Anna Håland Sama som reiste til Kina. Berta Ånestad var misjonær i Ethiopia i mange år. Elfrid Skretting Vinskei har vore i Kenya som misjonær. Grete Husveg Honnemyr har vore 2 periodar i Ethiopia. Foreninga har hatt god kontakt med misjonsmarkene gjennom desse kvinnelege misjonærane. Det var alltid stor stas når Berta Ånestad var heime på ferie og gjesta foreninga. Forbønn for misjonærane har vore viktig på foreningsmøta.

100 års jubileet har foreninga lyst å feira saman med alle andre kvinneforeningar i Varhaug. Det er sendt brev til 21 foreningar med innbyding til fest på Varhaug Misjonshus 29 Oktober 2007.

Vi vonar at foreninga i framtida også vil vera til velsigning for den enkelte medlem, bygda og misjonen. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar. Det er oppdraget Jesus gir.



*Rakel Hobberstad, Rebekka Lerbrekk og Taletta Tenold (fødd Skrettingland)*



*"Glimt frå eit foreningsmøte i 2007"*

***Vår utfordring og kall:***

***- å la oppdraget ( Matt. 28. 18-20) vera bestemmande for haldning og handling!***

" Og Jesus steig fram, tala til dei og sa: Eg har fått all makt i himmelen og på jorda! Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei til å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står!

***Vi trenger flere tomter, ta kontakt for en uforplitende vurdering av muligheter og priser.***

***Vi utfører alle typer oppdrag:***
***Nybygg, påbygg/tilbygg, kledning - takskift, bad- og kjøkkenoppussing, garasjer, landbruksbygg m.m.***

GODKJENT FOR ANSVARSRETT

VestlandsHus TRYGGE HJEM



BYGGMESTER
**SKRETTINGLAND & LOBEKK AS**

- fagkunnskap gir trygghet.

Opstadvegen 641
4360 Varhaug
Tlf. 51 43 80 06
Fax. 51 43 80 07
Mob. 982 46 470
e-post: post@bm-sl.no
www.bm-sl.no
Bank 33250507955
NO 968 622 250 MVA

**HUS • TILBYGG • REPARASJONER**
***Be om pristilbud på arbeid og materialer***

**Lobekk Bygg A/S**

**Svein Lobekk**
Tlf.: 51 43 09 99
Mobil: 90 92 98 87

**Erik Håland Maskin A/S**
Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85
Mobil 970 55 500

**BYGGERIET**
**HåBygg**
Opstadvegen 639 - Varhaug
Tlf. 51 43 11 55 - Fax. 51 43 10 87

**JUBILEUMSHELG** Hananja 10 år
Varhaug Misjonshus

**Lørdag 27.10**
kl. 20:00. Konsert og lovsangskveld
**Søndag 28.10**
kl. 18:30. Jubileumsfest Jubileumskake. Gospel og lovsangsmessa "Liv"

*Begge arrangementa er gratis. Det vert tatt opp ein gave der overskuddet går til Varhaug Misjonshus. Alle er hjarteleg velkomne begge kveldane.*

**MISJONSHUSBASAREN**
**5. oktober kl. 19.00**
Hausten er her og det er igjen tid for basarar. Størst av dei er alle er sjølvsagt basaren for misjonshuset. Me reknar med at alle som tykkjer det er bra å ha eit misjonshus vil vera med å støtte opp om basaren. Det hadde vore gildt med fullt hus denne fredagen. Ta med heile familien, det skal verte både god mat, saft og kaffi. Ta også med godt med penger. Det koster å ha eit så stort misjonshus, mellom anna går det mykje til straum, og me ynskjer så gjerne å få betalt ned mest mulig på lånet, det er viktig nå mens renta er tåleg låg. Me er veldig glad for at musikklaget vil synge for oss. Talar for kvelden er enda ikkje heilt klar, men det er ein frå IMF. Gevinstane er som vanleg bra, nemner bl.a. gåvekort hos Bohus, sykkel, maleri osv osv. Me vil koma rundt å selge lodd i veka før: veke 39, så vær så snill: Ta godt i mot oss.

*Då treffest me på basar på misjonshuset fredag 5. oktober kl 19.00. Kjem du ikkje, vert du sakna*

# Hilsen fra styret

Like sikkert som høsten er de ulike møteukene. Det er et tydelig tegn på at det er aktivitet på misjonshuset. Huset er til for å brukes og vi er glade for all den viljen som er for å stå på fremover. Selv om vi ikke skal bruke antall møter som en målestokk på hvor langt vi når ut er det ikke tvil om at det er mange som i løpet av høsten får høre Guds ord forkynt. Det er det viktigste som skjer og uten det hadde vi ikke oppnådd mye.

Vi tror det alltid er mulig å drive arbeidet for Guds rike her på Varhaug på en bedre måte. Det er også mange meninger om hva som er best og det vil det alltid være. Noe passer for den ene og noe annet for den andre. Uansett så ønsker vi at du er med og ber om at arbeidet i bygda må ha fremgang. Dette gjelder både det som skjer innenfor misjonshusets vegger og hos folk flest. Snakk sammen med andre om du har ideer som bør tas med videre. Ikke for at noen skal prestere noe, men for at flere kan vite at de har en himmel i vente.

Det nærmer seg 5.oktober og årets misjonshusbasar. Vi håper flest mulig har anledning til å delta på basaren. Det er både et viktig bidrag til misjonshusets økonomi, et sosialt treffpunkt og en anledning for å bli bedre kjent med Gud.

Når det først er snakk om økonomi må det nevnes at vi mottok en økonomisk gladnyhet helt i slutten av august. I sist statsbudsjett kom arealstøtten tilbake igjen gjennom et budsjettforlik, og nå har det kommet oss til gode. Misjonshuset har fått tildelt støtte for nybygget (det siste) på til sammen kr 554 565. Dette er et betydelig bidrag på nedbetalingen som vi veldig takknemlige for. Det er fortsatt en del igjen på lånet, og det går den rette veien. Vi setter stor pris på alle som bidrar. Hvis du ikke allerede har gjort det, kan du gjerne ordne med et fast månedlig trekk. Dette kan du ordne selv om du bruker nettbank.

Vi vil rette en takk til alle som er med og bidrar på misjonshuset. Det er et vidt spenn av aktiviteter som utføres, alt fra vasking og maling til bønn og vitnesbyrd, både synlig og usynlig. Vi vil ta fram Per Arvid Jakobsen som har vært formann i styret i 10 år og nå har sluppet noen av trådene, men heldigvis fortsatt holder en del av dem som nestformann.

Til slutt ønsker vi alle hjertelig velkommen til det som skjer på misjonshuset. Spesielt til du som ikke har vært innom tidligere og du som det har gått en stund siden sist var innom.

**Styret for Misjonshuset**

# SØNDAGSSKULEN PÅ MISJONSHUSET

2. september starta søndagsskulen opp att etter sommarferien. Opp mot 50 born vart registrerte. I tillegg var det mange foreldre som fylgde borna. Etter det nye opplegget var alle borna samla på ein stad. Det gav god song. Borna deltok ivrig i både nye og gamle songar som "Alle, alle, vil vi ha med" og "Om jeg er liten eller stor". Margreta Bøe fortalde om Jesus som sa: "La dei små borna koma til meg". Med flanellograf vart forteljinga dramatisert, og dei små borna fekk plass i fanget til Jesus. Ein blei gløymt att mellom foreldra. Det vart raskt påpeika av borna.
Det er plass til alle i fanget til Jesus. Og så fekk også den siste plass.

Fast innslag var også ei forenkla truvedkjenning og innsamling av pengar til adoptivborn i andre land. (Søndagsskulen adopterer fleire born gjennom dei ulike misjonsorganisasjonane.)

Etterpå var det aktivitet for borna. Denne første gongen malte dei born som søndagsskule-borna neste gong skulle festa til ei teikning av Jesus. Iveren var stor og det vart måla born i alle regnbogens fargar.

## TID FOR SØNDAGSSKULE

Søndagsskulen er kvar søndag når det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja. Den tek til
kl 10. 30 og vare fram til 11.15.
Ni søndagsskulelærarar deler på å ha ansvar. Til vanleg tre kvar gong slik at dei er med tredjekvar søndag.
Men vi kan godt få med fleire, seier Margreta Bøe. Særleg hadde det vore fint å få med fleire mannlege. Alle kan vera med. Som leiar får ein mykje materiell og rettleiing. Det nye opplegget ser spennande ut. Det skal bli mykje kjekt utover hausten.

**Styret**

Leiar: Margreta Bøe
Sekretær: Agate Brådland
Kasserar: Åse Marie Varhaug







## MØTE MED SØNDAGS-SKULEBORN

Stina Håland Nedrebø var ei av dei som deltok på søndagsskulen. Ho gjekk i søndagsskulen også sist år og nå tykte ho det var kjekt å byrja att. Stina seier også at ho er glad i song. Og så fekk me mala etterpå. Eg malte ei jente med kvit og grøn og rød farge. Det var kjekt.



Eg likar veldig godt å syngja, seier Arild Auestad. Han har gått fleire år på søndagsskulen, og nå var det kjekt å starta opp att. At han nå fekk mala etterpå, tykte han var kjekt. Med det nye SPRELL LEVENDE-opplegget vil han nok få mange gode opplevingar utover hausten og vinteren.





## MØTE MED TO AV SØNDAGSSKULELÆRARANE

**Martin Dyngeland**

Martin er ny som søndagsskulelærar dette året. D.v.s. heilt ny er han ikkje for han har vore med og hatt søndagsringen for nokre år sidan. Nå flytta han tilbake til Varhaug og då var det naturleg å spørja han om å bli med, ikkje minst fordi ein trong mannlege lærarar.

Eg måtte berre seia ja. Det er gildt å få vera med ungar, dei er så takksame. Og det beste du kan gje dei er eit ord frå Bibelen – fortelja om han me trur på.

Han tykkjer ungane er så bekymringslause. Barnesongane er då også prega av glede. Ungane står der og berre ventar at ein skal gje dei noko. Difor er dei også så mottakelege for bodskapen. Dei bibelforteljingane han kan sjølv hugsar best, er nettopp dei han fekk høyra på søndagsskulen. Han understrekar det som vart sagt på seminaret om at langt fleire enn ein skulle tru tek tidleg val om livsretning.

Søndagsskulen kjem heilt sikkert til å bestå. Foreldra har sjølv gått, og dei har gode minner. Kvar generasjon vil gje det beste vidare, avsluttar han.

**Margreta Bøe**

Margreta har vore med i søndagsskulearbeidet dei siste 15 åra. Kort tid etter at ho kom til Varhaug vart ho spurd av Asbjørn Dyngeland om å hjelpa han i søndagsskulen. Det var ikkje vanskeleg å seia ja.

Han hadde andakt og eg song. Etter kvart fekk eg mot til sjølv også å fortelja til borna. Dei er så tillitsfulle og har så lett for å spørja. Borna må få høyra om Jesus og at Jesus er glad i dei.

Ho fortel at det er reine bibelhistorier dei formidlar – både frå GT og NT. Ikkje minst er det viktig nå som KRL-faget i skulen har mista ein del av den kristendomsopplæringa som før var i skulen. Det er inspirerande å vera med å gje. Og så følgjer det velsigning med. Borna er ein fantastisk flott gjeng. Eg skulle berre ønskt at lang fleire var med. Det krev litt av foreldra når ungane skal ut søndag formiddag for å gå på søndagsskulen. Men me har god plass til mange fleire.

*Einar Mattingsdal*

KERNITE LUBRICATION®

Forhandler av Kernite Lubrication produkter. Universalt smørefett som begrenser forurensing i naturen. Forebygger hudkreft, og er hms-vennlig.

**Maskinstasjon:**
- Gjødselkjøring
- Gjødselmiksing
- Pløying
- Skurtresking
- Traktordumper

**Verksted:**
- Rep. og service av landbruksredskap
- Salg av landbruksdekk
- Felger
- Reparasjon av dekk



PÖTTINGER

Orkel Ørsekre

**JG MASKIN**
Jan Gunnar Undheim
Komlavodl - 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 95 08 - Mob. 95 82 84 10 / 97 72 99 58

*JÆREN AUTO AS*
**BILUTLEIE - BILSALG - BILVERKSTED**

**TLF.: 51 43 04 22 - VARHAUG**

**Jæren Gulv A/S**
**TEPPER - GULVBELEGG - PARKETT**

Lerbrekk – 4360 Varhaug – Tlf. 91 68 89 22 – Fax 51 43 03 98 – E-post: tjensvoll@c2i.net

**Jærentreprenør**
Opstadveien 643
Postboks 54 – 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
Fax: 51798710
post@jerentrepenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jerentrepenor.no

**KAY'S**
**BETONGSAGING**
- Kjerneboring
- Meisling
- Minigraver

NÆRBØ
Tlf. 908 37 365

**Holger Kjølvik** Varhaug
**Begravelsebyrå**
Står til teneste ved gravferder, minne-samvær og val av gravminne.
Eg samarbeidar med:
*Krogedal Begravelsebyrå*
KB
**døgnvakt**
**tlf. 51 43 02 09**




**Lars Gaute Sport A/S**
4360 VARHAUG
Telefon: 51432880
Telefax: 51432881

# Sprell levende - søndagsskuleseminar

SØNDAGSSKULESEMINAR
Onsdag 21. august var over 40 søndagsskulelærarar samla til inspirasjonsmøte i ungdomssalen. Margaret Berland og Ingunn Fjermedal frå Rogaland krins av Norsk Søndagsskoleforbund var med for å fortelja om det nye søndagsskuleopplegget SPRELL LEVENDE.

Gong på gong vart det understreka kor viktig det var å la borna få høyra om Jesus.Det er eit svært viktig grunnlag det ungane får frå dei er små. Søndagsskulearbeidet er av evig verdi. Mange foreldre føler at dei ikkje strekk til, og då vil søndagsskulen vera ei god støtte. Undersøkingar som er gjort viser at over 30 % har bestemt seg for å bli kristne før fylte 14 år. I aldersgruppa 14 – 19 år er det berre 4% som tek standpunkt om å fylgja Jesus.

Fleire av søndagsskulelærarane gav uttrykk for at det var vanskar med å halda på borna når dei kom opp i skulealder. Særleg frå 2. klasse og oppover fall mange frå. For å få med dei større borna har ein starta opp med fredagssamlingar på Misjonshuset. "Fres" er for born frå 5. – 8. klasse. "Fres" er også tilslutta Norsk Søndagsskoleforbund. Aktivitetane her synest treffa dei unge godt. Til vanleg er det 60 – 70 stykke samla her, men på einskilde kveldar har det vore opp mot 100.

**SPRELL LEVENDE**
SPRELL LEVENDE er eit nytt opplegg som vart teke i bruk i søndagsskulen i 2006. Fleire av dei frammøtte søndagsskulelærarane hadde alt nytta seg av opplegget eit år. Søndagsskulen på Misjonshuset skulle starta opp med opplegget no i haust.
SPRELL LEVENDE er ein reiskap i formidlinga av evangeliet til borna. Det er Norsk Søndagsskoleforbund i samarbeid med fleire andre kristne organisasjonar som har utarbeidd det.

Opplegget gir nyttige idear og er eit ferdig opplegg til alle samlingane. Samstundes står den einskilde fritt til å bruka berre deler av det.
Ein har i utarbeidinga lagt vekt på det skal vera stor breidde i aktivitetane og formidlingsformene. Opplegget tek og omsyn til at borna har ulik alder og utvikling.

**SPRELL LEVENDE har 5 fokus:**
Visjonen: JESUS TIL BORNA!
Barnet
Bibelforteljinga
Vekst
Oppleving



*Noko av materiellet som er u*
*arbeidd.*
*Dokkene til dokketeatere*
*er kledde slik at dei*
*kan representera ulike*
*tidsepokar. Plakaten*
*inneheld"supersetning*
*Eit lengre minneord s*
*blir brukt gjennom ein*
*riode på inntil 3 månad*



*4 av søndagsskulelærarane på Varhaug i ivrig samtale. Frå venstre Ingunn Marie Lima, Margreta Bøe, Britt Synnøve Bøhn Auestad og Agate Brådland.*

Maria Aareskjold Tegneservice

Tlf. 51 43 05 59
Fax. 51 43 70 05
Mobil. 911 04 662
E-post: amaria@online.no
Postboks 110, Årsland, 4368 VARHAUG

Nybygg - Tilbygg - Rehabilitering

LOTUS

STASJONSV. 22,
4360 VARHAUG
TLF: 51 43 89 00

LANGGT 32,
4362 VIGRESTAD
TLF: 51 43 70 00

Hege & Heidi Salongen AS

Dame & herreklipp

Rådhusgt. 3, 4360 Varhaug
Tlf.: 51431018

KÉRASTASE PARIS
L'ORÉAL PROFESSIONNEL PARIS

BETONGELEMENTER
til driftsbygninger, redskapshus, grunnmurer, yrkesbygg m.m

HÅ ELEMENT A·S

Postboks 71 - 4368 Varhaug - Tlf. 51 79 86 90 - Telefax 51 79 86 91



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadv.621 – 4360 Varhaug
Tlf. 51798310 – Faks. 51798311
E- Mail Firmapost@rorlegger-team.no

R. SKRETTING A/S
KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



SI.BYGG A/S
SKRETTING & INGEBRETHSEN
Ånestadvn. 14, 4360 Varhaug
Tlf. 51 79 18 80 • www.sibygg.no



Susanne



Kristine



Trine

Dame- og herrefrisør - Solarium

Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Vi hjelper deg med håret. Prov oss da vel!!

Er du fornøyd - er vi fornøyd

GET INSPIRED. SEE YOUR STYLIST. REDKEN 5TH AVENUE NYC

# Team Xtreme Vikings

Varhaug Kr Ungdomslag
*Ungdom for Kristus*

14. Juli stod det gamle ærverdige møteteltet klar, på grusbanen mellom Ungdomsskulen og Idrettshallen på Varhaug. Ein stor dugnadsgjeng hadde forberedt ein heilt spesiell kveld i vekevis. Betongklossar var støypte, ein bil framskaffa og "rigga", og mange andre ting var



anten laga, innkjøpt eller skaffa på annan måte. Me venta storinnrykk, "Team Xtreme Vikings" var på veg mot Varhaug.

Tjerand Lunde fekk ideen då han las om dei i eit blad, men fekk raskt med seg mange på prosjektet. Tanken bak heile arrangementet var å få til ein kveld med opplegg som kunne vera interessant for fleire enn dei som til vanleg går på møte, altså at me fekk ein muligheit til å nå dei som ikkje har ein fast plass i miljøet rundt Misjonshuset. Derfor vart det også satsa på annonsering på førehand og i Jærbladet.

Det vart mange vitnesbyrd utover kvelden, imellom ulike "stunt" som illustrerte situasjonar me kan koma oppi i livet. Betongklossane for eksempel, vart stabla og knuste med nevane, som symbol på å bryta ned murar som me kan møta i livet. Me fekk høyra sterke forteljingar om korleis Jesus hadde møtt dei i deira tidlegare liv, der alkohol, narkotika og kriminell løypebane hadde rådd før dei møtte han.

Anten det var trening i fengsel, tidlegare "jobbar" eller bare mykje slåsting i tidlegare liv som gjorde det, så var karane voldsomt sterke, og med kvar sine spesialfelt viste dei oss kjempekreftene sine, som dei gav Gud æra for at dei hadde. Det var imponerande å sjå telefonkatalogar verta rivne i to, ein Sierra verta velta og mykje anna knusing o.l., ikkje minst steikepanna som Viktor rulla saman med berre hendene. (!)

Likevel sit me igjen med eit anna inntrykk når me tenkjer over det som skjedde denne helga. Vitnesbyrda gjorde nok størst inntrykk, og når me hadde møte med dei på laurdagskvelden, på Misjonshuset, fekk me høyra vitnesbyrd også frå dei som ikkje fekk gitt oss det i teltet på fredagen. Me hugsar ein gjeng som hadde ein veldig varme og glede over å vera her hjå oss, som åt noko "usturtele" mengder egg og anna mat, og som hadde tid til å snakka med den enkelte. Med andre ord var det ikkje berre grusbanen og betongklossane som var forandra etter besøket deira.

Takk til sponsorar, dei som lånte ut forskjellig utstyr, arbeidsfolk som hjelpte til på alle måtar og gjorde det mogleg!

*Øyvind Vagle*

KALBERG SANDTAK
Tullin
**REE**
& Sønner
SAND-SINGEL-GRUS
4356 Kvernaland
992 06 601 - 992 06 602

**BYGDESERVICE**
Hå Bygdeservice BA

VARHAUG
DAMEFRISØR

Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

VARHAUG
*hud- og fotterapi*
v/Heidi Dubland Bø

Hudpleie • Fotterapi • Hårfjerning •
Vortebehandling
Farge vippe/bryn • AHA/Fruktsyrebehandling

Tlf. 51 43 13 69 • Stasjonsv. 20, 4360 Varhaug
(2. etg. SR-bank)

SPAR

**SPAR VARHAUG**
Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19
E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 08.30 - 20.00 (18.00)

**- Post i butikk -**

Esso

**Varhaug Servicenter AS**
4360 Varhaug Tlf: 51 43 02 33

Her utføres smørjing og vask
Vi har bilrekvisita, kiosk, videoutleie, musikk
og DVD salg
Hamburger, biffsnadder, løvbiff og pølser

**T. SKRETTING MASKINSTASJON**
Dysjalandsvegen, 4360 Varhaug
Trond Skretting mob. 906 80 143
975 54 680
e-post: Trond@tskretting.no



Tor Gudmestad 975 54 681
e-post: tor@glm.no
www.tskretting.no

Regnskapsfirmaet på Jæren
post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66

JÆRØK

Et selskap i KlientRegnskap -kjeden

**www.jarok.no** NARF

# Prisar for leige av Varhaug Misjonshus

*Gjeld frå 1. April 2005* **org nr. 974 923 319**

| **Kristelege arrangement** | | | **Annen bruk** | |
|---|---|---|---|---|
| Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på misjonshuset<br><br>Knt. 3335 11 24011 | **MØTE, FAMILIE-MØTE** evt m/enkel servering * | **FEST, BASAR, MESSE, o.l.** | **SELSKAP, GRAVFERD, o.l.** | **FAGMØTE** handelslaget o.l. |
| MØTESAL | 200 | 200 | 400 | 600 |
| anretnings KJØKKEN | 200 | 350 | 350 | 350 |
| MATSAL 2) | 150 | 250 | 400 | 500 |
| KJØKKEN | 50 * | 350 | 400 | 500 |
| UNGDOMSSAL | 200 | 250 | 400 | 600 |
| TEKJØKKEN (2.etg) | 50 | 50 | 100 | 100 |
| Bønnerom 2.etasje | 50 | 50 | 50 | 50 |
| FORENINGSROM | 50 | 50 | 50 | 50 |
| KJELLARROM | 50 | 50 | 50 | 50 |

Merknad 2): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.

**Priser for spesielle arrangementer:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Konfirmasjon/ BRYLLAUP: | kjøkken, matsal, ungd.sal | kr. 2000 | ein heil dag pluss kvelden før til pynting *) |
| " " | : anr.kjøkken, møtesal | kr. 1500 | " " |
| *Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.* | | | |
| *): ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag. | | | |
| Møteveke uten fest på sundag | | kr. 400. | |
| Møteveke med fest på sundag | | kr. 750. | |
| Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag) | | kr. 1200. | |

NYTTÅRSFEST, heile huset — kr. 2000 (Ungdomslaget)

STORTINGS- / KOMMUNEVAL — kr. 2200 (pr.dag)

ANNA BRUK AV HUSET — Etter avtale.

| Leige av utstyr | pris | andre tenester | pris |
|---|---|---|---|
| Dukar (lin) | kr. 75. pr stk. | servering ved bryllaup o.a. | kr. 80 pr. time |
| Bord (gamle trebord) | kr. 20. pr stk | | |
| Stolar (gamle, sete av tre) | kr. 5. pr stk | | |

**I TILLEGG TIL LEIGE AV HUSET KJEM 5% AV ALL OMSETNAD** (unnateke inngangspengar)
*merk: høgste beløp som skal betalast som 5% for eit arrangement er kr 6000.*

Varhaug, 3. Mars 2005 - Styret for Varhaug Misjonshus.

# Hilsen fra familien Kari Synnøve

Det var koselig for oss å få skrive noen ord om oss selv og arbeidet vårt til Varhaugbuane. Morten er oppvokst i bueveien på Varhaug, men reiste ut av på bygda etter ungdomsskolen. Siden foreldrene fremdeles er bosatt i bueveien har vi likevel et naturlig knutepunkt der. Vi vet også at mange følger med oss i arbeidet og ber for oss. Det er vi meget takknemlige for og vi setter stor pris på å besøke "heimplassen" når vi har anledning til det. Morten gikk Misjonhøgskolen på Fjellhaug. Der møtte han sin tilkommende Kari Synnøve (født Riska)som gikk ettårig misjonskole for de med yrkes bakgrunn. Etter endt skolegang ble det litt mer praksis i misjon og skole før vi som ektepar reiste på et halvt års Englandsopphold for å bli litt sprekere i engelsk. I januar 1999 var vi på plass i Kenya for først å lære Swahili og siden gå inn i det evangeliske arbeidet i Pokot. Vi ble bosatt i Chepareria der vi hadde en fin tid sammen med nasjonale som satte oss inn i kultur og kirkeliv på en fin måte. Morten fikk ansvar for dåp, nattverd og preking over store områder. Vi var ikke kjent i området, og misjonærene var få så det var lite overlapping, og en veldig spennende tid. Vi kjørte noen timer mot øst og lette etter en mann under et tre som hadde fått beskjed om å hjelpe oss å finne fram der møtet skulle være. Ofte inkluderte det steile fjellturer.








www. Formtoppen .no
Treningssenter

**Adgang**

**24 timer**

Ring 911 36 745 for
gratis prøvetime

# Morten Nord-Varhaug i Kenya

Morten hadde også ansvaret for regnskapet i den lutherske kirka i den tiden. Det satte han seg fore og nasjonalisere, og vi har i dag en flott kenyansk mann som tar seg av dette.
Siden januar 2006 har vi vært bosatt i Kapenguria på tomta til bibelsenteret vårt. Nå er mye av distriktsarbeidet nasjonalisert. Likevel vektlegger vi kursing ute i distriktene av eldster, ungdomsledere, kvinnearbeidere og søndagskoleledere. Morten har også sammen med medmisjonærer og nasjonale medarbeidere laget et dåps- og opplæringskurs som i disse dager prøves ut av evangelister på et trettitalls steder.
Barna våre, Berit 8 år, Gjermund 6 år og Karl Martin 4 år bor sammen med oss. Mor i huset underviser de to eldste barna i perioder. Noen uker får vi en reiselærer fra Nairobi til å hjelpe oss, eller mor og barn drar til hovedstaden på det vi kaller fellesperioder. Da er alle de norske elevene ved Norwegian Community School samlet til felles undervisning.

Arbeidet i Pokot startet i 1978. Pokotstammen var en unådd folkegruppe i Kenya. De var forsømt både av de nasjonale myndigheter og i kirkesammenheng. De var kjente for sine kriger med nabostammene. Våre første misjonærer møtte tre skilt på veien inn til Pokot distrikt. Det første skiltet sa, "Du kjører inn på egen risiko". Det neste sa "Du har blitt advart". Det siste skiltet viste et dødninghode. Hvorfor nevner vi dette for misjonsfolket hjemme på Varhaug? Jo, fordi vi kom til et folk som ikke kjente Jesus.
Det ble vekkelse i Pokot allerede da misjonsstasjonene ble bygget. En del barn kom til en av misjonærene da han bygget en av stasjonene våre og fikk følgende spørsmål. Hva gjør du her? Svar, jeg er misjonær. Hva gjør en misjonær? Svar, han forteller folk om Jesus. Er ikke vi folk? Svar, jo. Dette medførte at hammer og spiker fikk mindre å gjøre, samt Bibel og tale ble flittig brukt (husbygging ble kraftig forsinket.) Vekkelsen har fortsatt frem til i dag. De nasjonale går stadig til nye unådde bygder.

I slutten av august 2007 var Morten nede på slettene i en av disse unådde bygdene. Etter å ha kjørt igjennom busker og kratt kom han frem til en kirke. Han tenkte med meg selv, kan det være noen som bor rundt her. Gudstjenesten startet som vanlig ca klokka 11 søndags formiddag. Etter hvert kom det folk gjennom busk og kratt. Til slutt var det samlet ca 130 voksne pluss barn på denne "øde" plassen. Nesten hele forsamlingen skal nå begynne på dåpskurs.
Undervisningsarbeidet har høyeste prioritet i arbeidet vårt. Vi er tilknyttet Bibelsenteret i Kapenguria. Morten har det øverste ansvaret for denne institusjonen. Arbeidsdagen går i hovedsak ut på undervisning og administrasjon. Kari Synnøve bruker ca 1/3 del av sin tid til å undervise barna våre. Ellers er hun aktivt med i undervisningsarbeidet på senteret eller i distriktet når tiden tillater det.
Kirken i Pokot er i stadig vokster. Vi har ikke klart å holde orden på alle tallene, men vi operer med ca 200 kirker fordelt på 37 sogn. Registrete medlemmer er ca 20 000. I tillegg til dette venter tusenvis på dåpskurs. Denne høsten vi går i møte skal det avholdes dåpskurs rundt hele Pokot. Vær med å be for alle disse nye kristne. Be for evangelistene som skal undervise de i troslære og katekisme.
Hovedoppgaven til Bibelsenteret er å undervise evangelister. Vi har for tiden 48 evangelister inne på opplæring. En flott gjeng fordelt på to klasser. Vi har også kortkurs for kvinner, ungdommer, korledere og søndagsskole lærerer.
Avslutningsvis vil vi takke misjonsfolket som står bak oss. Det er et stort privilegium å bo blant Pokotene. Vi vil gjerne avslutte med noen takke og bønneemner:
Takk for alle de nye kristne
Takk for alle evangelistene som står på uten mye eller ingen lønn
Takk for helse og trivsel
- Be om fortsatt helse og trivsel, spesielt barna som er langt borte fra sine venner.
- Be for de nye troende at de får god opplæring.
- Be om at Jesus stadig må vise seg på ny for våre hjerter, slik at vi kan ha noe levende å bringe videre til våre brødre og søstrer i Pokot.

Med disse ord vil vi avslutte vår hilsen fra oss i Pokot
Deres utsendinger
*Morten, Kari Synnøve, Berit, Gjermund og Karl Martin Nord-Varhaug*

## FASTE SAMLINGAR:

HOMLEBØLET For barn 0-6 år i fylgje med vaksen. Tysdager kl. 10.00- 12.00 (ikkje i skuleferiar)
ÅPEN BARNEHAGE Måndag og Torsdag kl 09.00-13.00 (ikkje i skuleferie)
SPEIDAREN Onsdager kl 19.00-21.00
ROVER-samling Måndager kl 19.00-21.00
ÅPENT HUS For ungdom frå 8.klasse og oppover. Fredagar frå kl 20.00-23.30
VESLEGREINA Onsdag i oddetalsveker kl 16.30-17.45 For jenter frå 2.klasse og oppover
SPIREN Torsdag kl 16.30- 18.00, oddetalsveker. For jenter og gutar 3-5. klasse
GUTELAGET, NMS Torsdag i partalsveker, kl 19.00-20.15
TENNPLUGGEN Torsdag i oddetalsveker. Motormekking og crossykling. kl 19.00
VI OVER 60 1. og 3. Onsdag i mnd. kl 14.00- 16.00
NMS MANNSFORENING Tysdag i partalsveker, kl 19.00- 21.00
SUNDAGSSKULEN Kvar Sundag kl 10.30- 11.00 (ikkje når det er familiegudsteneste)
FRES, ten- opplegg Fredag i oddetalsveker, kl 19.00- 20.45. For alle som går 5 til 8kl.
UNGDOMSLAGET For ungdom frå 8. klasse og oppover. Samling på Laurdagar kl. 20.00.
BØNESAMLING Måndager i partalsveker, for alle

## SANG OG MUSIKK:

Minikor Øving kvar Måndag 17.15- 17.50
Yngreskoret Øving kvar Måndag 18.00- 18.45
Hananja Øving Onsdag i oddetalsveker kl 20.00
Musikklaget Øving Tysdag i partalsveker kl 20.00
Ungdomskoret Øving kvar Tysdag kl 19.00

## ANDRE SAMLINGAR 2007-2008

Småmøter på sundagar der det ikkje er andre møter (begynner 19.30). Nattverdmøte: 3/10, 7/11, 5/12, 20/3

**2007** - OKTOBER
5 Misjonshusbasaren
7 Familiemisjonsmøte NLM
10- 12 Møter Israelsmisjonen kl. 19.30
14 Fest Israelsmisjonen kl 19.00
17- 21 Møteveke Normisjon
22 Minikoret, Fest
26- 28 10 års jubileum, konsert Hananja
29 100 års jubileum NLM eldre kvinneforening
31- 4 Møteveke m/ allehelgensfest NMS

NOVEMBER
11 På Kross og Tvers kl 18.00
15- 16 Julemesse NLM
20- 25 Møteveke ImF
30- 1 Julemesse NMS

DESEMBER
2 På Kross og Tvers kl 18.00
3 Lagskveld NLM
5-9 Møteveke Flymisjonen
16 Eldremiddag Vi Over 60 kl 14.00
16 Vi synger jula inn
26 2. dagsfesten Normisjon/Ungdomslaget
27 Juletrefest Sundagsskulen
31 Nyttårsfest Ungdomslaget

**2008** - JANUAR
6 Auestadbasaren
7 Årsmøte ImF
8-13 Møteveke Ungdomslaget
14 Årsmøte Normisjon
15 Årsmøte NLM
16- 20 Møteveke NLM
22- 27 Møteveke NLM
28 Årsmøte NMS

FEBRUAR
3 På Kross og Tvers kl 18:00
8-9 Basar NLM kvinneforening
12- 14 Bibeltimer NMS
20- 24 Møteveke Lekmanssmisjonen
26- 2 Møteveke ImF

MARS
3 Kvinneforeningsfest
4- 9 Møter "Hjelp til Russland"
12- 16 Offerveke Normisjon
21 Langfredagsmøte ImF
24 Påskedagsmøte NLM
27 Årsmøte Misjonshuset
28 Basar NMS yngre kvinneforening

# VARHAUG MISJONSHUS

## VAKTLISTE 2007-2008

| namn/tlf *(varamann i parantes)* | Vekenummer og dato | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Gunhild Lobekk** | **5** | **14** | **23** | **32** | **41** | **50** | **7** | **16** |
| **51430322/95861391** | 29/1 | 2/4 | 4/6 | 6/8 | 8/10 | 10/12 | 11/2 | 14/4 |
| *(Martha Bøe)* | | | | | | | | |
| **Sindre Varhaug** | **6** | **15** | **24** | **33** | **42** | **51** | **8** | **17** |
| **51435981/92868772** | 5/2 | 9/4 | 11/6 | 13/8 | 15/10 | 17/12 | 18/2 | 21/4 |
| *(Håkon Varhaug)* | | | | | | | | |
| **Per-Arvid Jakobsen** | **7** | **16** | **25** | **34** | **43** | **52** | **9** | **18** |
| **51430082** | 12/2 | 16/4 | 18/6 | 20/8 | 22/10 | 24/12 | 25/2 | 28/4 |
| *(Jarle Stokkeland)* | | | | | | | | |
| **Trygve Auestad** | **8** | **17** | **26** | **35** | **44** | **1** | **10** | **19** |
| **51430060/94811890** | 19/2 | 23/4 | 25/6 | 27/8 | 29/10 | 31/12 | 3/3 | 5/5 |
| *(Anne Synnøve Ånestad)* | | | | | | | | |
| **Trygve Vik** | **9** | **18** | **27** | **36** | **45** | **2** | **11** | **20** |
| **92626458** | 26/2 | 30/4 | 2/7 | 3/9 | 5/11 | 7/1 | 10/3 | 12/5 |
| *(Tor Jarle Ueland)* | | | | | | | | |
| **Toralf Liene** | **10** | **19** | **28** | **37** | **46** | **3** | **12** | **21** |
| **51430487/95169466** | 5/3 | 7/5 | 9/7 | 10/9 | 12/11 | 14/1 | 17/3 | 19/5 |
| *(Alf Haugsdal)* | | | | | | | | |
| **Borgny Skretting** | **11** | **20** | **29** | **38** | **47** | **4** | **13** | **22** |
| **51430568** | 12/3 | 14/5 | 16/7 | 17/9 | 19/11 | 21/1 | 24/3 | 26/5 |
| *(Leif Nord-Varhaug)* | | | | | | | | |
| **Kjell Tjemsland** | **12** | **21** | **30** | **39** | **48** | **5** | **14** | **23** |
| **51430474/95774978** | 19/3 | 21/5 | 23/7 | 24/9 | 26/11 | 28/1 | 31/3 | 2/6 |
| *(Tommy T. Skretting)* | | | | | | | | |
| **Håkon Reinås** | **13** | **22** | **31** | **40** | **49** | **6** | **15** | **24** |
| **51430786 /92092032** | 26/3 | 28/5 | 30/7 | 1/10 | 3/12 | 4/2 | 7/4 | 9/6 |
| *(Ståle Ånestad)* | | | | | | | | |

---

Til alle brukarar av huset.

**Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. (Angitt dato er for mandagene)**

**Styret for Misjonshuset.**

# MAGNUS MIKKELSEN – EIN TRUFAST TENAR I SØNDAGSSKULEN

"- Det var gildt på søndagsskulen og det var gildt å ha søndagsskulen! Borna må få høyra om Jesus! Dei må få det med seg frå dei er små, det sit!

Slik oppsummerar Magnus Mikkelsen arbeidet sitt etter meir enn 25 år i søndagsskulen. Me fekk møta han heime i stova der han nå sit åleine att etter at kona for ei tid sidan døydde. Bibelen ligg oppslått på salongbordet og fortel om at vi her møter ein som dagleg tek til seg av Guds ord òg i ein alder av 86 år.
- Eg kom med i søndagsskulen fordi Gustav Løge, som alt arbeidde i søndagsskulen,
trong ein som kunne syngja med borna, han var ikkje nokon songar sjølv. Eg både spelte gitar og song. Etter kvart vart det eg som overtok.
Sjølv om søndagsskulen var kvar søndag, såg han ikkje på det som noko offer. Gleda ved å kunna fortelja om Jesus til borna gav han så mykje.

- Dei store følgde dei små. Og så var dei flinke til å få med naboungane. På den måten nådde vi også dei som ikkje kom frå kristne heimar.
Den første tida var det bere ein klasse. Sjølv om det kunne vera mange ungar samla, var det alltid ro.
Han kan ikkje hugsa ei einaste gong der han måtte snakka nokon til rette fordi dei var urolege.
Opplegget var enkelt. Song og bibelforteljing. Og så var det minneord kvar gong. Guds ord skulle lærast. Å få dei inn i Guds ord var poenget. Etter søndagsskulen fekk dei stjerne i stjernekortet for frammøte.
- Kvar jul hadde vi juletrefest. Det var gildt. Og så hadde vi søndagsskuletur. Då var foreldra med. Me reiste forskjellige plassar.
Hugsar m. a. at me var i Matningsdal.



Søndagsskulen si historie i Noreg går over 250 år tilbake i tida, men først i 1844 kom den inn i dei formene vi i dag kjenner. Mange av dei vart starta opp av haugianarane. I 1889 vart Norsk Søndagsskoleforbund starta for å styrkja etableringa av nye søndagsskular og å laga materiell til undervisninga.

Kor lenge det har vore søndagsskule på Varhaug kan Magnus Mikkelsen ikkje seia, men han hugsar at han sjølv gjekk på søndagsskule då han var liten. Rakel Anda var lærar.
- Ei gild dame, minnest han. Ho var flink til å fortelja.
Nå er det lenge sidan han sjølv også slutta av, men tida som søndagskulelærar ser han tilbake på med glede.

*Einar Mattingsdal*